

Rune Skarstein

EUROKRISA – TYSK HEGEMONI OG ØKONOMISK DIKTAT

Statsgjeldskrisa i eurolanda har utløyst dei økonomiske og politiske spenningane som frå starten av har lege innebygde i konstruksjonen av ein felles valuta. Denne krisa skriv seg frå to forhold. Mest grunnleggande er den generelle økonomiske krisa i USA og Europa som er resultatet av overakkumulasjon av finanskapital. Det andre forholdet er den ulike etterspørsels- og kostnadsutviklinga i eurosona. Den har vore eit kappløp der Tyskland er vinnaren og spesielt Hellas, Portugal, Spania og Italia er dei store taparane. Gjennom eurostatane sine «redningspakkar» til den private finanssektoren har krisa slått ut i politiske konflikter både innanfor og mellom statane. Den har blottlagt spørsmålet om kven som skal betale prisen for dei europeiske elitane sitt politiske prosjekt og økonomiske «satsingar».

Årsakene til den generelle økonomiske krisa og dei umiddelbare tiltaka mot denne krisa har vi analysert i *Vardøger* 33.¹ Her nøyer vi oss derfor berre med eit kort samandrag av den analysen.

Den generelle krisa

Samanbrotet i USAs finanssektor i 2007/08 utløyste den generelle økonomiske krisa. Den har sitt grunnlag både i endringar i den meirverdi-produserande delen av økonomien («realøkonomien»), i finanssektoren og i samspelet og maktforholda i og mellom desse sektorane.

Blant viktige endringar i realøkonomien var den aukande vektlegginga av «aksjonærverdi» og «aksjonærdemokrati» sidan rundt 1980. Den reflekterte eit endra maktforhold både mellom aksjonærar og føretaksleiarar og mellom eigarar og arbeidarar, og den førte til ein sterk auke i den delen av profittvolumet som blir utbetalt som dividende. (I USA auka dividendane som del av total profitt i ikkje-finansielle selskap unntatt jordbruk frå 25% av total profitt i 1980 til ein historisk topp på 87% i 2003.) Ei anna viktig endring i USAs realøkonomi var auken i bustadsbygging som i betydeleg grad vart finansiert med «subprime-lån», og den tiltakande refinansieringa av bustadlån basert på stigande eigedomsprisar. Gjennom denne prosessen kunne hushalda kompensere for stagnerande lønningar ved å ta ut «frie kontantar» for kjøp av konsumvarer. Berre frå år 2000 til 2007 vart bustadgjelda i USA meir enn dobla. Eit tredje aspekt ved realøkonomien i alle vestlege land var overgangen til obligatorisk fondering av pensjonane. Denne «pensjonsparinga» bidrog kraftig til likviditetsauken i finanssektoren. Eit fjerde aspekt

var veksten i statsfond skapt av statar, blant dei Norge, på grunnlag av store handeloverskot kombinerte med overskot på dei offentlege budsjetta. Eit femte svært viktig trekk var USAs aukande handels- og budsjettunderskot og utanlandsgjeld. Alle desse prosessane innebar ein kolossal likviditetsauke i finanssektoren.

For å «handtere» den aukande likviditetsmengda utvikla aktørane i finanssektoren nye middel for finansiell profittjakt, såkalla finansinnovasjonar. Blant desse innovasjonane var ulike typar kredittderivat som i hovudsak blir handla «over disken» (over the counter, OTC). Ved bruk av kredittderivat trudde finansinstitusjonane å kunne sikre seg mot tap på eigne utlån, slik at dei tilsynelatande utan risiko kunne auke kredittvolumet praktisk talt utan grenser. Det totale globale volumet av uteståande OTC-derivat voks frå mindre enn 100.000 milliardar dollar ved utgangen av 1998 til 683.800 milliardar i juni 2008, som var nesten 50 gongar større enn USAs bruttonasjonalprodukt (BNP) det året. Ein annan innovasjon var veksten i hedgefond som spekulerer både på stigande og fallande aktivaprisar. Ein tredje innovasjon var veksten i private aksjefond («private equity funds») som har spesialisert seg på å kjøpe opp heile føretak, «slanke» og reorganisere dei med sikte på profitt og så selje dei. I 2006 utgjorde slike oppkjøp globalt ca. 30% av alle oppkjøps- og fusjonstransaksjoner.

Finansinnovasjonane innebar ein veldig auke i gjeldsfinansierte «investeringar» i finanssektoren. Som del av samla gjeld i USAs private sektor inklusive hushalda auka finanssektorens gjeld frå 18% i 1980 til nesten 40% i 2007. Parallelt med dette voks finanssektorens profittvolum frå 14% av samla profittvolum i selskapssektoren i 1983-85 til 41% i 2001-02, for deretter å falle til 33% i 2007. Dette fallet signaliserte starten på finanskrisa.

Essensen i «finansialiseringa» av økonomien var ein veldig vekst i finansformuane, dvs. beholdningane av alskens «verdipapir», som aksjar, obligasjonar og ulike derivat. Ifølgje *McKinsey Global Institute* auka den globale profittsøkjande finansformuen tre gongar raskare enn verdas totale BNP, frå 12.000 milliardar dollar i 1980 til ein historisk topp på 202.000 milliardar i 2007. Det tilsvarer ein gjennomsnittleg vekstrate på 11% pr. år. I 2008 var det eit fall til 175.000 milliardar. Men alt i 2010 auka den globale totale finansformuen til ein ny historisk topp på 212.000 milliardar dollar, som tilsvarer 3,6 gongar verdas BNP. For å få eit inntrykk av storleiken: Ei gjennomsnittleg avkastning på 6,9% på 212.000 milliardar dollar tilsvarer nøyaktig USAs BNP i 2010.² Fri kapitalflyt over landegrensene gjer at akkumulasjonen av finanskapital er eit internasjonalt fenomen. I 2007-08 gjekk denne prosessen i stå. Det var blitt overakkumulasjon av finanskapital i forhold til profittmulegheitene ved det aukande gjeldsvolumet. Både finansprofittane og aktivaprisane stupte. Etter det har finanskapitalen med si nye makt og med sine tap ridd resten av økonomien i USA og Europa som ei mare.

Etter konkursen til Lehman Brothers sette USA og statane i Europa i verk enorme hjelpepakkar til finanssektoren, finansierte gjennom statlege budsjettunderskot. Globalt er totale statlege hjelpepakkar til finanssektoren i perioden 2008–2011 estimerte til ca. 17.000 milliardar dollar. Til samanlikning: USAs BNP i 2009 var på 14.119 milliardar dollar.³ I 2008–10 fekk bankane i eurosona statlege støttepakkar for over 1870 milliardar euro (tabell 1). Det tilsvarte nesten fire gongar dei totale utgiftene på det tyske føderale budsjettet i 2009.

Inntil vidare dempa desse tiltaka profittklemma i finanssektoren, men samstundes førte dei til ein sterk auke i statsgjelda i praktisk talt alle vestlege industriland. På denne måten er den økonomiske krisa blitt lempa over frå finanssektoren til den offentlige velferdssektoren og lønnsarbeidarane. Som vi skal kome tilbake til, vart den auka statsgjelda i eurosona spesielt tung å bere for land som i fleire år hadde hatt underskot på handelsbalansen med utlandet.

Tabell 1: Statlege redningspakker til bankane, 2008-201. Milliardar euro

Land	Beløp i milliardar euro ¹⁾	Beløp som prosent av BNP i 2010
Tyskland	313,6	12,2
Frankrike ²⁾	360,0	18,6
Spania ³⁾	115,0	10,9
Nederland	84,9	14,1
Belgia	25,8	7,0
Irland	64,5	41,2
Resterande 11 euroland ⁴⁾	909,0	10,0
Eurosona totalt⁴⁾	1873,0	20,5
Storbritannia	118,1	6,8
USA	574,1	5,3

¹⁾ Omfattar garantiar, direkte overføringar, utlån, oppkjøp av bankaksjar og kjøp av rotne bankaktiva.

²⁾ Støtte vedteken i oktober 2008. Seinare ekstra løyvingar til redning av bl.a. Dexia og Crédit Immobilier de France i august/september 2012.

³⁾ For perioden 2008–2011.

⁴⁾ Estimat basert på regjeringane sine vedtak i oktober 2008.

Kjelde for eurosonas BNP er OECD: *Economic Outlook 91*, 2012.

Kjelder: *Daily Telegraph*, 13.10.2008: www.telegraph.co.uk/finance/financialcrisis/3190311/; *The Economist*, 16.10.2009; *El País*, 25.03.2012 og 15.07.2012; *Financial Times*, 12.08.2012 og nettutgåva 02.09.2012: www.ft.com/intl/cms/0/; *EU Observer*, 14.10.2008: <http://euobserver.com/19/26927/>; forutan OECD, *Economic Outlook 91*, mai 2012.

Likevel avviser eller overser både dei tonegivande økonomane og dei fleste politikarar at den statlige gjeldskrisa er ei følgje av krisa som starta i finanssektoren. Statane si krise blir tvert imot som regel påstått å vere eit resultat av

«uansvarleg finanspolitikk» gjennom mange år. Ein prominent representant for denne realitetsforvrenginga er sjefen for Den europeiske sentralbanken (ECB), Mario Draghi, tidlegare direktør i storbanken Goldman Sachs:

«Mange regjeringar har ennå ikkje forstått at dei for lengst har tapt sin nasjonale suverenitet. Fordi dei i fortida har hoppa opp for stor gjeld, er dei no avhengige av finansmarknadens velvilje.»⁴

Tala i tabell 2 viser at denne påstanden er oppspinn. (Berre når det gjeld Hellas, har han ein viss relevans.) Eit par eksempel: I åra før finanskrisa hadde Spania og Irland balanse eller overskot på dei offentlege budsjetta. I 2006 hadde Spania et overskot på 2% av BNP, medan Irlands offentlege budsjettoverskot var på 2,9%. Redningspakkane til finanssektoren og, i mindre grad, forsøka på å bremse veksten i arbeidsløysa gjennom ein ekspansiv finanspolitikk førte til at Spanias budsjettoverskot i åra fram til 2007 vart snudde til eit underskot på 9,3% av BNP i 2010. Ved utgangen av 2011 var den spanske statens ulike støttetiltak til banksektoren komne opp i 115 milliardar euro, som tilsvarte 11% av Spanias BNP (tabell 1).

Tabell 2: Nokre økonomiske indikatorar før og under krisa

Land	Off. budsjettunderskot ¹⁾			Off. bruttogjeld ²⁾			Arbeidsløyserate ³⁾			
	2006	2008	2010	2006	2008	2011	2006	2008	2010	2012 ⁴⁾
Frankrike	2,4	3,3	7,1	70,9	77,8	100,1	8,8	7,4	9,4	10,1
Hellas	6,0	9,9	10,5	117,0	118,7	170,0	8,9	7,7	12,5	25,1
Irland	+2,9	7,3	31,2	29,0	49,5	114,1	4,4	6,0	13,6	14,8
Italia	3,3	2,7	4,5	116,7	114,6	119,7	6,8	6,8	8,4	10,8
Nederland	+0,5	+0,5	5,0	54,5	64,8	75,2	4,2	3,0	4,4	5,1
Portugal	4,1	3,6	9,8	77,3	80,6	117,6	7,7	7,6	10,8	15,2
Spania	+2,0	4,2	9,3	46,2	47,7	75,3	8,5	11,3	20,1	25,0
Storbritannia	2,7	4,8	10,3	46,0	57,4	97,9	5,5	5,7	7,9	8,1
Tyskland	1,6	+0,1	4,3	69,8	69,8	87,2	9,7	7,2	6,8	5,4
Eurosona	1,4	2,1	6,2	74,7	77,0	95,1	8,2	7,4	9,9	11,2
USA	2,2	6,3	10,7	66,4	75,9	102,7	4,6	5,8	9,6	8,1
Japan	1,3	1,9	8,4	166,7	171,2	205,5	4,1	4,0	5,1	4,5
OECD totalt	1,2	3,4	7,5	76,0	81,0	103,0	6,1	6,0	8,3	8,0

¹⁾ Offentleg budsjettunderskot som prosentdel av BNP. + betyr overskot.

²⁾ Offentleg bruttogjeld som prosentdel av BNP.

³⁾ Årsgjennomsnitt av talet på arbeidslause som prosentdel av den totale arbeidsstyrken.

⁴⁾ Tal for juni 2012, med unntak for Hellas og Spania som er for oktober 2012. Kjelde for desse tala er *El País Negocios*, 28.10.2012, s. 4; og *El País*, 21.10.2012, s. 8. Kjelde for dei andre EU-landa i 2012 er Eurostat *News Release*, 113/2012. Tala for Japan, USA og OECD totalt er OECD sine prognosar for heile året 2012. Kjelde for desse tala og alle dei andre tala i tabellen er: OECD, *Economic Outlook*, nr. 91, mai 2012, s. 245, 259 og 264.

Den irske staten si støtte til banksektoren i perioden 2008–2010 tilsvarte 41% av BNP i 2010 (tabell 1). Gjennom desse overføringane, som skjedde etter sterkt press frå IMF og EU, skifta Irland endå meir dramatisk frå eit offentleg budsjettoverskot på 2,9% av BNP i 2006 til eit underskot på svimlande 31% i 2010 (tabell 2). Dei store underskota førte sjølvsagt til at også offentleg gjeld som del av BNP auka, i Irland frå 29% i 2006 til 114% i 2011, i Spania frå 46% i 2006 til 75% i 2011.⁵ Likevel er Spanias offentlege gjeld som prosentdel av BNP framleis mykje lågare enn til dømes i Tysklands (tabell 2).

Størstedelen av dei statlege underskota representerte altså stønader til finanssektoren. Derfor hadde dei svært liten verknad mot arbeidsløysa. I Irland vart arbeidsløysraten tredobla, frå 4,4% i 2006 til 14,8% i juni 2012. I Spania auka arbeidsløysa frå 8,5% i 2006 til 25% i oktober 2012. Det generelle mønsteret er tydeleg både i eurosona samla og i OECD-landa totalt: Ei mangedobling av underskota i offentleg sektor, høgare statsgjeld som del av BNP og ein betydeleg auke i arbeidsløysa (tabell 2).

Eit anna viktig trekk er at ein svært stor del av utanlandsgjelda i fleire av PIGS-landa (Portugal, Irland, Hellas, Spania) var privat gjeld i hovudsak teken opp av bankar, forsikringsselskap og andre finansinstitusjonar, men også av bedrifter. Då finanskrisa slo inn, overtok statane slik gjeld gjennom sine hjelpepakkar. Så seint som i mars 2010 var berre 3,5% av Irlands utanlandsgjeld offentleg gjeld. Faktisk var det berre Hellas som hadde ei relativt stor offentleg utanlandsgjeld, inklusive gjelda til dei greske statseigde bankane. Totalt var berre 12% av PIGS-landa si utanlandsgjeld i mars 2010 offentleg gjeld (tabell 3).

Tabell 3: PIGS-landas utanlandsgjeld, US \$ mars 2010

Land	Privat gjeld*	Offentleg gjeld	Total	Off. i % av tot.	Netto utanlandsgjeld i % av BNP**
Hellas	204,7	92,5	297,2	31,1	95
Irland	814,1	29,7	843,8	3,5	86
Portugal	259,5	62,9	322,4	19,5	105
Spania	975,0	127,6	1102,6	11,6	95
Total	2553,3	312,7	2566,0	12,2	95

* Inkluderer statleg garantert privat gjeld.

** Ved utgangen av 2011.

Kjelder: EuroMemo Gruppe, *Der Krise entgegenreten*, Hamburg 2010/11, s. 12. Her gjengitt etter Hans-Jürgen Bieling, «Vom Krisenmanagement zur neuen Konsolidierungsagenda der EU», *Prokla* Nr. 163, juni 2011, s. 182; og *El País*, 24.06.2012, s. 28. Jf. også Klaus Schrader og Friedrich Laaser, *Die Krise in Südeuropa oder die Angst vor dem Dominoeffekt – Griechenland, Portugal und Spanien im Krisentest*, Diskussionsbeiträge Nr. 500/501, Institut für Weltwirtschaft, Kiel januar 2012, s. 21.

Dette viser igjen at det ikkje var statane som hadde drive ein «uansvarleg budsjettpolitikk». Det var aktørar i privat sektor, i hovudsak i finanssektoren, som hadde drive ein uansvarleg lånepolitikk. Statane sin faktisk uansvarlege politikk var at dei overtok ansvaret for bankane sine enorme utlån. Som eg skal kome tilbake til, burde statane ha latt bankane gå konkurs.

Gjennom dei nemnde prosessane har finanskapitalen teke statane som gissel. Det viser seg også ved at PIIGS-landa (Portugal, Irland, Italia, Hellas, Spania) si statsgjeld har skapt ei ny profittkjelde for den forvaksne finanskapitalen: Den tyske økonomen Walther Otremba har rekna ut at dei internasjonale bankane i dei tre åra 2009–2011 kasserte inn over 100 milliardar euro i «risikopåslag» på lånerenta betalt av statar i eurosona. Det tilsvarer 1/3 av Hellas si totale private og statlege utanlandsgjeld i 2010.⁶

Eurosonas spesielle krise

Den andre krisa, som er særeigen for eurosona og er vevd inn i den generelle krisa, skriv seg frå ubalansar i handelen mellom euroland som følgje av ulik langsiktig etterspørsels-, produktivitets- og kostnadsutvikling. Samla sett har landa i eurosona hittil hatt overskot i utanrikshandelen, og den totale statsgjelda som prosentdel av samla BNP er langt mindre enn i USA. Men den felles valutaen har vore ei gullgruve for Tyskland og på ein kritisk måte til ulempe serleg for dei sørlege eurolanda. Gjennom ein restriktiv lønnspolitikk (men relativt høgt reallønsnivå samanlikna med eurolanda i Sør-Europa) og relativt høg produktivitetsvekst serleg i eksportindustriane har Tyskland styrka sin konkurranseposisjon overfor resten av eurosona. I perioden 1997–2007 vart dei gjennomsnittlege lønnskostnadene pr. produsert eining i den tyske økonomien totalt reduserte med 1,7%. Derimot steig dei med 24% i Italia, 37% i Portugal, 39% i Spania og 48% i Hellas (tabell 4).

Tysklands handelsoverskot med eurosona auka frå 63,8 milliardar euro i 2002 til 139,9 milliardar i 2009. Den stadig sterkare konkurranseposisjonen til Tyskland inneber at dei «svakare» økonomiane i eurosona har vedvarande og aukande handelsunderskot og dermed aukande utanlandsgjeld. I 2009 var Tysklands totale handelsoverskot på 117,6 milliardar euro. Det betyr at overskotet med eurolanda finansierte underskot med andre land.⁷ (Gjennom heile 2000-talet har Tyskland hatt underskot i varehandelen med fire land, nemleg Norge, Kina, Russland og Japan. I 2009 utgjorde desse underskota totalt 24,9 milliardar euro, altså ganske nær differansen på 22,3 milliardar euro mellom Tysklands overskot med eurolanda og landet sitt samla handelsoverskot.⁸)

Vi kan sjå av tabell 4 at sjølv om det er ein viss samanheng mellom utviklinga i lønnskostnader pr. produsert eining og handelsbalansen, så er ikkje denne koplinga så eintydig som til dømes IMF ofte hevdar. Tabellen viser jo at Irland hadde like høg vekst i lønnskostnader pr. eining i

økonomien totalt som Hellas og høgre kostnadsvekst i industrien enn Portugal. Nederland hadde sterkare vekst enn Frankrike i lønnskostnader pr. eining i økonomien totalt og omtrent same kostnadsutvikling i industri-sektoren. Likevel hadde både Irland og Nederland betydelege akkumulerte handelsoverskot i perioden 2000–2010, medan Frankrike hadde underskot.

Tabell 4: Prosent endring i lønnskostnader pr. produsert eining

	Økonomien totalt 1997–2007	Industriektoren 1999–2007	Akkumulert handelsoverskot (+) el. underskot (–), 2000–2008. Milliardar dollar
Tyskland	–1,7	–10,3	+ 1137,6
Austerrike	+5,1	–3,4	+ 114,6
Nederland	+26,0	+3,4	+ 396,5
Frankrike	+18,4	+3,6	– 61,1
Irland	+49,7	+9,2	+196,6
Italia	+24,3	+24,1	+17,5
Portugal	+37,3	+5,2	– 142,5
Spania	+38,8	+25,2	– 440,4
Hellas	+48,0	*	– 245,1

* Ikkje oppgitt data.

Kjelde: OECD, *Economic Outlook*, nr. 91, mai 2012, s. 254, 275 og 279.

Verre er det at den såkalla troikaen (EU-kommisjonen, ECB og IMF) tolkar den ulike veksten i lønnskostnader i eurosona som eit utslag av *ulik real-lønnsvekst*: Land som Spania, Italia og Portugal skal ha tapt «konkurrans-evne» og akkumulert handelsunderskot fordi reallønningane i desse landa auka for mykje. Ikkje berre staten, men også arbeidarklassen har «levd over evne», og det må straffast. Men data for dei to viktigaste antipodane i eurosonas nord-sør akse, Tyskland og Spania, viser at denne påstanden er riv ruskande gal.

Tyskland og Spania samanlikna

La oss først sjå på offentleg sektor i dei to landa. Tabell 5 viser at i perioden 2000–2008 var totale offentlege utgifter i Spania som prosentdel av BNP over seks prosentpoeng lågare enn i Tyskland og åtte prosentpoeng lågare enn gjennomsnittet i eurosona.⁹ Endå viktigare er det at Spania i perioden 2000–2007 i gjennomsnitt hadde offentleg budsjettoverskot, medan Tyskland hadde betydeleg underskot (tabell 5). Det største underskotet Spania hadde i perioden 2000–2007 var på 1,0% av BNP, altså godt innafor Maastricht-kravet om maksimalt 3%. Tysklands underskot braut derimot Maastricht-kravet i heile fem av dei åtte åra 2000–2007.¹⁰

Også når det gjeld offentlig sektors bruttogjeld som del av BNP i perioden 2000–2007, kjem Spania myke betre ut med eit gjennomsnitt på 54,5%, mot Tysklands 65% (tabell 5). Tyskland braut Maastricht-kravet på 60% i alle desse åra, medan Spania var innanfor kravet i fem av dei åtte åra. I Spania gjekk gjeldsprosenten ned frå 64% i 2000-01 til 44% i 2006-07. I Tyskland var det derimot ein auke frå 60% i 2000-01 til 68% i 2006-07.¹¹ På denne bakgrunn er det absurd å hevde at Spania levde «over evne» med offentlege budsjettunderskot og stor og veksande offentlig gjeld i åra før krisa. Det som førde Spania inn i krisa, var ei stor *privat utanlandsgjeld* som var resultatet av vedvarande handelsunderskot gjennom mange år (tabell 3 og 5).

Tabell 5: Viktige data for Spania, Tyskland og eursona

Nokre gjennomsnittlege årlege vekstratar i prosent:	Spania	Tyskland	Eurosona
BNP, 1999–2008. Prosent	3,4	1,6	2,0
Gjennomsnittleg nominell lønn, 1999–2008*	3,4	1,1	2,7
Konsumprisindeksen, 1999–2008	3,4	1,4	2,3
Generell prisvekst (BNP-deflatoren), 1999–2008	3,8	0,8	2,0
Gjennomsnittleg reallønn, 1999–2008	0,0	-0,3	0,4
Gjsn. arbeidsproduktivitet, 1999–2008**	0,15	1,12	0,90
Totale brutto realinvesteringar, 1999–2007	5,6	0,7	-
Investeringar i bustader, 1999–2007***	6,3	-2,5	-
Andre indikatorar:			
Tot. off. utg. som %-del av BNP, årleg gjsn. 2000–08	39,1	46,2	47,1
Off. budsjettoverskot (+)/underskot (-), årleg gjsn. 2000–07	+0,4	-2,3	-2,0
Off. sektors bruttogjeld som %-del av BNP, gjsn. 2000–07	54,5	65,0	75,4
Samla handelsoversk. (+)/undersk. (-), 1999 – 2008. Mrd. Dollar	-451,7	+1155,8	+1340,2

* «Compensation per employee» inkluderer alle typar lønn til arbeidarar, funksjonærar osv.

** Produktivitet i totaløkonomien.

*** Omfattar alle typar bustader inklusive ferie- og fritidsbustader.

- Data ikkje tilgjengeleg.

Kjelde: OECD, *Economic Outlook* no. 91, Statistical Annex, mai 2012. Også alle berekningane i tabellen er gjort på grunnlag av data frå denne publikasjonen.

Heller ikkje påstanden om at Spania hadde reallønnsvekst «over evne» i åra før krisa er det hald i. Av tabell 5 ser vi at BNP i Spania voks over dobbelt så raskt som i Tyskland i perioden 1999–2008. Forskjellen i nominell lønnsvekst var endå større. Arbeidsproduktiviteten i økonomien totalt auka langt sterkare i Tyskland enn i Spania. Men sterk auke i konsumprisane gjorde at

det var null vekst i reallønningane i Spania, medan reallønningane i Tyskland gjekk ned i perioden 1999–2008.

Veksten i Spania vart driven av sterk auke i investeringane i privat sektor, serleg i bygg/anlegg og i eigedomssektoren. På den andre sida vart veksten i Tyskland driven av ein eksportboom basert på stagnerande lønningar, relativt sterk produktivitetsvekst og ein generell prisauke på berre 0,8% pr. år i perioden 1999–2008.¹² Investeringsboomen i Spania førte derimot til ein kraftig generell prisvekst på 3,8% pr. år (tabell 5). Prisveksten førte til lågare realrente som i sin tur fyrte opp under investeringsboomen og resulterte i endå høgare prisvekst, endå lågare realrente og auka private investeringar i ein sjølvforsterkande prosess.¹³ Slik vart Spania ein magnet for tyske eksportvarer. Det var slett ikkje vekst i reallønningane, men den kraftige prisveksten i Spania i felles valuta som gjorde at lønnskostnadene pr. produsert eining steig kraftig, medan dei minka litt i Tyskland og faktisk gjekk sterkt ned i tysk industri (tabell 4). I begge land skjedde det ei sterk omfordeling frå lønn til profitt og dermed raskt aukande økonomisk ulikskap, men gjennom to ulike prosessar. I Spania var det investeringsboomen finansiert med billeg kreditt, i stor grad finansiert gjennom interbanksystemet, som var drivkrafta i profittveksten og omfordelinga. I Tyskland var det eksportboomen.

Det er påfallande at verken den tyske regjeringa, IMF, ECB eller EU-kommisjonen har vore i nærleiken av å identifisere desse to ulike vekstprosessane og konsekvensane av dei. I staden insisterer dei på den primitive og villeiande påstanden om at den spanske staten og dei spanske arbeidarane har «levd over evne». Denne påstanden er grunnlaget for deira unisone krav om innstramming av offentlege utgifter, rett og slett rasering av velferdsstaten, og reduksjon av reallønningane. Ángel Laborda har derimot forklart vekstprosessen i Spania og klargjort kva klasse som har hausta profittane av denne veksten. Så enkelt er det, og tilsynelatande likevel så vanskeleg å forstå for alle økonomane i troikaen og i regjeringsapparatet til statsminister Rajoy:

«Det som har skjedd i Spania, er ikkje eit avvik i reallønningane i forhold til produktiviteten. Derimot har det vore sterkare prisinflasjon enn i eurosona, som så har ført til større auke i nominallønningane. Denne høgare inflasjonen har ikkje vore til fordel for lønsmottakarane, men for overskota i næringslivet. Desse overskota hadde sitt grunnlag i den heftige etterspørselsveksten finansiert gjennom ein altfor romsleg pengepolitikk (frå ECB) i forhold til situasjonen i den spanske økonomien ...»¹⁴

Dei ulike vekstprosessane i Spania og Tyskland hadde lik effekt på inntektsfordelinga, men verknadene på handelsbalansen var diametralt ulike. Medan Spania akkumulerte stadig større handelsunderskot og utanlandsgjeld, skjedde det motsette i Tyskland (tabell 5). Tysklands handelsoverskot var og er avhengig av at andre land har underskot. Derfor er den spanske og den tyske vekstmodellen gjensidig avhengige. I perioden 2001–2011 hadde

Spania eit akkumulert underskot i varehandelen med Tyskland på 183 milliardar euro. Det utgjorde 57% av Spanias samla underskot med EU (27 medlemsland) og 25% av landet sitt totale akkumulerte handelsunderskot. Like viktig er det at Spanias underskot representerte 19% av Tysklands samla overskot i varehandelen med heile EU i perioden 2001–2011.¹⁵

Asymmetrien i handelen med Spania var og er utan tvil det viktigaste einskilde elementet i Tysklands «eksportsuksess». Det er også verd å merke seg at sjølv om denne asymmetrien i større eller mindre grad gjeld Tysklands handelstilhøve til den store majoriteten av EU-land, er det fire land i eurosona – Spania, Italia, Hellas og Frankrike – som peikar seg spesielt ut. I 2009 utgjorde Tysklands overskot i varehandelen med desse fire landa 79% av Tysklands samla handelsoverskot med EU og heile 41% av Tysklands totale handelsoverskot.¹⁶

Troikaens «redningspakkar»

Samanlikninga mellom Spania og Tyskland viser at troikaen sin diagnose ikkje toler møtet med empiriske data. Krisa i eurosona har ikkje si årsak verken i ein «uansvarleg» statleg budsjettpolitikk, med lånefinansierte underskot i mange år før krisa, eller i «eksessiv vekst» i reallønningane. Men dei tre sentrale pilarane i troikaens økonomiske politikk reflekterer deira feilaktige forklaring av krisa. Hovudpilaren er at euroen, dei internasjonale bankane og «den frie marknaden» skal reddast, same kva det kostar. Dette vart klårt demonstrert i desember 2011 og februar 2012, då ECB tilbød bankane i eurosona lån på til saman 1000 milliardar euro til berre 1% rente og 3 års tilbakebetalingsfrist. Då er det også logisk at formålet med «redningspakkane» ikkje er at statane skal fremje vekst og sysselsetting, men betene si gjeld til bankane. I allfall hittil har troikaen innbilt seg at det er muleg å oppnå dette gjennom rigorøse innstrammingar av offentlege utgifter.

Ved begynnelsen av september 2012 hadde troikaen gitt «redningspakkar» i form av lån til statane på til saman 436 milliardar euro, 85 milliardar til Irland, 78 milliardar til Portugal, 173 milliardar euro til Hellas og 100 milliardar direkte til bankane i Spania. Med unntak for Hellas varierer renta på desse låna mellom 3 og 5,5%, medan styringsrenta til ECB hausten 2012 er på 0,75%. Under drøftingane om lån nummer to til Hellas i mars 2011 (130 milliardar euro) kom logikken i desse «redningspakkane» klårt til syne: troikaen diskuterte kor vidt dei skulle behalde pengane i Brussel og betale ut til bankane direkte, men belaste det greske statsbudsjettet, eller om dei skulle la pengane sirkulere gjennom statsbudsjettet.

Heile lånet til Spania går direkte til bankane. Regjeringa har signert for lånet og står som garantist, men for å unngå at det blir rekna som del av statsgjelda har Rajoy kravd og fått ordna at det ikkje skal bli inkludert i statsbudsjettet. Litt over halvparten av lånet skal gå til dei private bankane,

inklusive ein «bad bank» som skal kjøpe «giftige aktiva» frå banksystemet. Her er det ikkje stilt spesielle krav. Derimot har troikaen stilt strenge vilkår overfor regjeringa når det gjeld dei 37% av lånet som skal gå til dei «nasjonaliserte» sparebankane.¹⁷ Dei har alt fått tilført 8 milliardar euro frå eit statleg «refinansieringsfond». Brussel pålegg dei å fjerne 8500 tilsette og legge ned eller selje 1500 filialar, også filialar som i dag går med betydelege overskot. Dessutan er det lagt strenge restriksjonar på bankane sin utlånspraksis. Kommentatorar fryktar at desse pålegga er så strenge at bankane vil gå konkurs. I så fall vil den spanske staten lide tap på inntil 27 milliardar euro.¹⁸ Ingen tvil om at det har vore eit omfattande vanstyre i dei spanske sparebankane. Men troikaens systematiske mistillit til desse bankane harmonerer dårleg med deira tillit til private bankar. Dei får lån utan spesielle krav, medan låna til dei tidlegare sparebankane også er knytte til strenge vilkår om ytterlegare innstrammingar av statsbudsjettet.

Den andre pilaren i troikaens redningspakkar er kravet om innstramming av offentlege budsjett, altså rasering av velferdsstaten. Denne «reform»-biten har IMF gitt evfemismen «ekspansiv innstramming» («expansive austerity»). Den tredje pilaren er krav om drastisk reduksjon av reallønningane og pensjonane.

Åtak på den spanske velferdsstaten

Vi har sett at offentlege utgifter som del av BNP har vore og er langt lågare i Spania enn til dømes i Tyskland. Likevel er rasering av offentleg sektor makthavarane sin favorittkur mot krisa. Denne prosessen har vore i gang sidan 2010, med stadig meir katastrofale resultat. Med press og akklamasjon frå troikaen legg den spanske regjeringa opp til ei total «innsparing» i offentleg sektor på 65 milliardar euro i 2012 og 2013. Det skal skje ved ein kombinasjon av kutt i utgifter og auka skattar som svarer til over 6% av BNP i 2012.¹⁹ Kutta inkluderer offentlege investeringar som blir kraftig reduserte i 2012 og som i budsjettet for 2013 får ein ytterlegare reduksjon på 16% (2,5 milliardar euro). Det er nedskjeringar i nesten alle budsjettpostar. Men det er verdt å merke seg at dei to berebjelkane i velferdsstaten, helse og utdanning, blør mest. I perioden 2010–2013 er utgiftene til helsesektoren blitt kutta med 7,4 milliardar euro, og utdanning med 6,4 milliardar. Dei drastiske nedskjeringane i regionane sine budsjett for 2013 er ikkje tekne med i desse beløpa.²⁰ Majoriteten av befolkninga merkar alt no smertene av desse nedskjeringane. Talet på personar som har stått i operasjonskø i meir enn seks månader, auka med 178% frå juni 2011 til juni 2012. Det er innført store eigendelar på legebesøk og på alle typar medisinar. Endåtil på ambulanshjelp er det eigendel. Spania hadde utvikla eit universelt helsevesen med låge kostnader og høg kvalitet, som til og med var ein modell for Skandinavia. Som *El Pais* påpeikar, er dette offentlege helsetilbodet godt i gang med å bli avvikla. Dei

einaste som kan glede seg over dette, er vel profitørane i privat sektor som i dag representerer 27% av dei totale helsetenestene.²¹

Kvaliteten på grunnskulane er i fritt fall på grunn av tapte ressursar. All bygging av nye barneskular er stoppa, det er innført elevbetaling for læremateriell, all spesialundervising er avvikla, talet på elevar pr. lærar aukar. Offentlege skular hadde svært gode tilbod til dømes innanfor musikkundervising. Dei blir no avvikla, og private tilbod florerer. Dei offentlege universiteta har mangedobla studieavgiftene i løpet av eit par år. På alle utdanningsnivå er ein i ferd med å gjere slutt på at alle skal ha like mulegheiter. Avviklinga av velferdsstaten fører rett inn i eit meir brutalt kllassesamfunn.²²

Trass i den høge arbeidsløysa, og dermed låge totale sysselsettinga, utgjorde sysselsettinga i offentlig sektor i Spania berre 11,6% av total sysselsetting i 2011, mot 14,0% i Tyskland (for ikkje å snakke om over 30% i Norge).²³ Ein sysselsettingsdel i offentlig sektor på rundt 12% i ein såpass høgt utvikla økonomi som Spania blir betrakta som relativt låg.²⁴ Som ledd i «konsolideringa» av dei offentlege budsjetta, og etter sterkt press frå IMF og EU, vart likevel nær 45.000 stillingar i offentlig sektor fjerna frå 2010 til 2012. Reduksjonen av sysselsettinga skal ifølgje regjeringa sin plan halde fram til og med 2014, ved at berre kvar tiande tilsette som går av med pensjon blir erstatta med ei ny tilsetning. Dette skal bli gjennomført for alle yrke, bortsett frå dei militære. I budsjettet for 2013 er renteutgiftene på lån (38 milliardar euro) for første gong større enn totale lønnsutgifter i offentlig sektor (33,2 milliardar). Berre pensjonsutbetalingane er ein større post på budsjettet. Utan renteutgiftene blir det overskot på statsbudsjettet (positiv «primærbalanse»), med renteutgiftene blir det eit underskot på over 6% av BNP.²⁵

I tillegg til dei nemnde tiltaka har regjeringa for lengst fjerna ekstrabetalinga til familiar ved fødsel, redusert lønningane i offentlig sektor med mellom 5 og 6% og auka arbeidstida i offentlig sektor. Den er i ferd med å redusere talet på fridagar/helgedagar pr. år og å privatisere offentlege føretak, blant anna det inntektsbringande statlege lotteriselskapet, fleire flyplassar (inkludert den profitable hovudflyplassen Barajas i Madrid) og selskapet for tog med høg fart (AVE). Troikaen legg press på Rajoy for at han skal bryte sitt viktigaste valløfte, ved å foreta eit langt større kutt i offentlege og private pensjonar og auke pensjonsalderen.²⁶ Det einaste som no veks i Spanias offentlege sektor er gjelda som del av BNP. Den har auka frå 48% i 2008 til 75% i 2011 (tabell 2), og er venta å passere 100% i 2013.²⁷ Dette skjer ikkje primært fordi gjelda aukar, men fordi BNP skrumpar. Fleire spanske økonomar meiner at fallet i BNP er så stort at dei samla skatteinntektene vil gå ned i 2013, sjølv om mange skattesatsar er auka (til dømes momsens frå 18 til 21%).²⁸

Økonomisk krig mot arbeidarbefolkninga: Spania

Hittil har det opne åtalet mot velferdsstaten skjedd berre i gjeldslanda, serleg i Hellas, Spania, Portugal og Irland. Den økonomiske krigen mot arbeidarklassen er derimot i full gang i alle eurolanda, ja i heile EU. Vi ser på Spania først.

Innstrammingane av offentlege utgifter har ført til eit kolossalt fall i effektiv etterspørsel og produksjon, og dermed ein omfattande destruksjon av arbeidsplassar i heile den spanske økonomien. I 2010 var industriproduksjonen 17% lågare enn i 2005, og det blir rekna med at han i 2012 er berre 3/4 av nivået i 2005.²⁹ Realinvesteringane er 35% lågare enn i toppåret 2007. I 2012 er BNP 20% lågare enn i 2008.³⁰ ECB har forsynt bankane med billeg likviditet, men det har ikkje stoppa nedgangen i utlån til bedriftene.³¹

Frå 2007 til oktober 2012 forsvann nesten 4 millionar arbeidsplassar. Det svarte til rundt 16% av den totale arbeidsstyrken i 2012. Størstedelen av reduksjonen i sysselsettinga har skjedd i bygg og anlegg. Men nedgangen i industrien var også enorm, med 655.700 tapte arbeidsplassar frå 2007 til 2011. I slutten av oktober 2012 var 5,8 millionar blitt arbeidslause. Det er 25% av arbeidsstyrken og den høgste arbeidsløysa registrert i Spania nokon gong, inklusive under den store depresjonen i 1930-åra (tabell 2).³²

To viktige trekk ved denne utviklinga er den høge ungdomsarbeidsløysa, i oktober 2012 nær 53% (tabell 6), og den raskt stigande langtidsarbeidsløysa. Talet på langtidsarbeidslause har auka frå vel 500.000 i 2008 til over 3 millionar eller godt over halvparten av alle arbeidslause i oktober 2012. Talet på dei som har vore arbeidslause i 2 år eller meir, har auka mest, frå 45% av alle langtidsarbeidslause i 2008, til 58% i 2012. Arbeidsløysetrygd blir gitt i to år, og dekningsgraden for denne trygda gjekk ned frå 78% av dei arbeidslause i 2010 til 67% i januar–august 2012. Ved utgangen av 2012 står over 1,7 millionar menneske utan arbeid og utan arbeidsløysetrygd.³³ Situasjonen til alle desse menneska blir forverra ved mangelen på etterutdanning og arbeidsmarknadstiltak. I 2010 var 18% av dei arbeidslause på arbeidsmarknadstiltak, i 2012 er denne delen mykje lågare.³⁴

Den høge og veksande arbeidsløysa har gjort det muleg å presse igjennom betydelege reduksjonar av reallønna. Netto nominell gjennomsnittsinntekt pr. hushald gjekk ned med over 7% frå 2008 til 2011. Nedgangen i reallønningane har ført til at lønnsdelen av BNP har gått ned frå 50% i 2009 til eit historisk lågmål på 45% i oktober 2012.³⁵

Talet på hushald i Spania med alle medlemmer i arbeidsløysa nådde ein «historisk rekord» på 1,737 millionar i juli 2012.³⁶ Ein stor del av dei arbeidslause vil sannsynlegvis aldri kome i arbeid att i resten av sitt liv. Ein studie viser at sannsynet for å få arbeid igjen etter 1 til 3 månader i arbeidsløysa er 54%. Etter meir enn 12 månaders arbeidsløysa har dette sannsynet kome under 12%.³⁷ Samtidig er reservane som hushalda hadde før krisa i ferd

med å bli tærte ned. Sparinga som del av hushalda si bruttoinntekt har stupt frå 7% i 2009 til under null i 2012, og kvart tredje hushald har problem med å få endane til å møtast.³⁸ Ifølgje offisielle kriterium vart 12,4 millionar menneske, 27% av befolkninga, rubrisert som fattige i 2011.³⁹

Både arbeidsløysa og lønnsnedgangen blir forsterka av ei ny arbeidsmiljølov, inspirert av EUs arbeidsmarknadspolitik, som vart vedteken av det spanske parlamentet i februar 2012. Det viktigaste elementet i denne lova går under nemninga «Rask handsaming ved regulering av sysselsetting» («Expediente de regulación de empleo»), ERE: Ved «tvingande omstende» definert som økonomiske, tekniske eller organisatoriske problem eller problem i produksjonen, kan bedriftene einssidig suspendere tariffavtaler og gå til kollektive oppseiingar. Dersom ei verksemd til dømes får redusert omsetning og/eller redusert overskot i tre kvartal på rad, kan leiinga seie opp så mange dei ønskjer og/eller setje ned lønningane, utan omsyn til tariffavtaler. Det blir ingen grenser for deltidsarbeid. I dei nemnde tre kvartala kan verksemdene også einssidig bestemme arbeidstimar pr. dag, skiftordning og turnus for kvar arbeidar. Avisa *El País* kommenterte straks at denne lova «opnar døra på vidt gap for ein generell lønnsnedgang.»⁴⁰ Åtte månader seinare rapporterte den same avisa at frå januar til august 2012 hadde kollektive oppseiingar auka med 53% og råka nesten 300.000 personar.⁴¹

Arbeidsløysa og den aukande fattigdomen gjer at stadig fleire personar også blir huslause. Spania har sannsynlegvis ei av dei strengaste lovene for utkastning grunna misleghald av pantelån. Familiar som ikkje maktar å betene huslåna sine, blir etter kort tid kasta ut, og gjelda med rente og rentesrente følgjer med dei. Bankane viser ingen nåde og brukar lova så langt den rekk. Renta på misleghaldne lån varierer mellom 18 og 29%. Det spelar ingen rolle kor stort restlånet på huset er, og det blir rapportert om familiar som blir kasta ut med eit restlån på berre 6000 euro. Talet på utkastningar dei siste fire åra er over 200.000. Berre i første halvår 2012 vart over 94.000 familiar kasta ut av husa sine. Mange utkastningar har ført til sjølv mord. Stadig fleire advokatar nektar no å prosedere for bankane i desse sakene, og 47 domarar frå heile Spania har laga ei fråsegn der dei krev at regjeringa straks tek initiativ til å endre lova og får gjennomført endringa som hastesak. Ei meiningsmåling viser at 95% av dei spurde meiner at lova må bli endra straks. Men hittil har Rajoys regjering prioritert å verne bankane og euroen framfor å verne sine eigne borgarar.⁴²

Medan ein aukande del av befolkninga blir kasta på gata, fallbyr bankane tusenvis av bustader til dei kjøpesterke, med preferanse for dei som betalar kontant. Serleg bustader i kystområda går bra unna. Der blir husvære med to soverom selde for rundt 60.000 euro (vel 400.000 kroner). Britar, franskmenn, russarar, tyskarar, belgiarar og nordmenn er dei mest aktive kjøparane. Men dei minst 675.000 husværa som står meir eller mindre halvferdige, som «mursteinsarr» i terrenget, vil i mange tiår framover vitne om eksessane til

bankar og utbyggingselskap som den spanske befolkninga, og serleg arbeidarklassen, no må betale så dyrt for.⁴³

Økonomisk krig mot arbeidarbefolkninga: Tyskland

Også i «suksesslandet» Tyskland er arbeidarklassen på vikande front etter mange år med ein statleg regissert restriktiv lønnspolitikk. Reallønnsnivået er i dag lågare enn i slutten av 1990-åra, medan det har vore betydeleg vekst i arbeidsproduktiviteten (tabell 5). Denne utviklinga starta under sosialdemokraten Gerhard Schröders første raudgrøne regjering i 1999 og fekk full vind i segla i 2002–2003. Den offisielle grunngevinga for den restriktive lønnspolitikken var og er at «Standort Deutschland» var blitt for dyr på grunn av høgt lønnsnivå, serleg blant ufaglærte arbeidarar. Schröder insisterte på at meir moderat lønnsvekst var naudsynt for å stoppe utflagginga av industriar og få ned arbeidsløysa.⁴⁴ Det var vel derfor fagforbunda etter ein god del murring aksepterte Schröders «vending på arbeidsmarknaden».

Ein viktig komponent er opplegget med såkalla «minijobbar». I dag er det 7,4 millionar slike jobbar, som tilsvarer 18% av samla sysselsetting i Tyskland.⁴⁵ «Minijobbane» er korttids- eller deltidsarbeid som ikkje er inkludert i dei regulære tariffavtalane. For desse jobbane får arbeidsgivarane ein subsidie på rundt 30% ved at dei slepp å betale skatt og arbeidsgivaravgift. Dei tilsette har ikkje noko oppseiingsvern, dei har ikkje rett på sjuke- eller arbeidsløysforsikring, og pensjonsrettane er marginale. Rundt 63% av dei som arbeider i desse jobbane er kvinner. Fleirtalet av dei tilsette har ei timelønn på mindre enn 8,50 euro (ca. 63 kroner), og mange får mindre enn 5 euro (ca. 37 kroner).⁴⁶

Gjennom «Agenda 2010», som inkluderer dei såkalla Hartz-reformene, vart oppseiingsvernet praktisk talt fjerna. Arbeidsløysetrygd og sosialstønad vart slegne saman, og perioden for ordinær arbeidsløysetrygd vart redusert til 12 månader. Etter den perioden er det behovsprøving, og trygda («arbeidsløysetrygd II») er i faste beløp og ikkje berekna ut frå trygdemottakaren si tidlegare lønn. Restriksjonane på lausarbeid og deltidsarbeid vart fjerna.⁴⁷ Resultata av Schröders arbeidsmarknadsreform er dramatiske: Som del av den totale regulære sysselsettinga har fast tilsette i full stilling gått ned frå 84% i 1991 til 66% i 2011, medan delen av korttids- og deltidstilsette har auka frå 16% i 1991 til 34% i 2011.⁴⁸

Blant andre viktige reformtiltak var auke av pensjonsalderen frå 65 til 67 år, og reduksjon av pensjonsutbetalingane frå 48% til 40% av mottakaren si tidlegare lønn. Lønnstakarane sin trygdeprenie som prosentdel av inntekta vart redusert. For å dekke inn dette kuttet fjerna regjeringa all støtte til tannlegetenester og innførte eigendel på helsetenester.

Som ledd i «fleksibiliseringa» av arbeidsmarknaden har dei tyske regjeringane ført ein systematisk låglønnspolitikk. Resultatet er at 23% av

alle sysselsette i Tyskland no høyrer til den offisielle låglønnskategorien som måtte greie seg med mindre enn 9,15 euro (ca. 70 kroner) pr. time i 2010. Frå 1995 til 2010 kom det 2,3 millionar fleire inn i denne gruppa. I 2010 måtte 4,1 millionar arbeidarar klare seg med mindre enn 7 euro (ca. 52 kroner) i timelønn, medan 2,5 millionar hadde mindre enn 6 euro pr. time. Talet på arbeidarar i låglønnskategorien har auka med 40%, frå 5,7 millionar i 1995 til 8 millionar i 2010, som tilsvarte nær 20% av samla sysselsetting det året.⁴⁹

I perioden 2000–2011 auka dei nominelle selskaps- formueinntektene med gjennomsnittleg 50%. Det var 2,6 gongar meir enn auken i dei nominelle arbeidstakarinntektene på 19%. I takt med den relative lønnsnedgangen har inntektsforskjellane i Tyskland nærmast eksplodert. Den gjennomsnittlege disponible inntekta til dei 20% med lågast inntekt vart redusert med 9,7% mellom år 2000 og 2010. Derimot auka den disponible inntekta til den rikaste tidelen av befolkninga med 15,5%. Alle dei fem tidelsgruppene i halvdelan av befolkninga med lågast inntekt hadde inntektsnedgang, medan alle gruppene i den rikaste halvdelan hadde inntektsauke. Målt med dei offisielle fattigdomskriteria har det aldri før etter den 2. verdskrigen vore så mange fattige i Tyskland som i dag.⁵⁰

Denne utviklinga har samanheng med den nyliberale politiske offensiven som også har smitta over på sosialdemokratiet. Dei sosialdemokratiske partia i Tyskland, Spania, England, Portugal og Hellas har i stor grad snudd ryggen til arbeidarklassen og tvinga igjennom ei brutal fleksibilisering av arbeidsmarknaden. Wolfgang Streeck observerer at «i heile den kapitalistiske verda har inflasjonen halde seg vedvarande låg, medan arbeidsløysa auka meir eller mindre jamt. Parallelt med dette gjekk organiseringsgraden blant arbeidarane ned i nesten alle land, og streikar vart så sjeldne at somme land slutta å føre streikestatistikk.»⁵¹

At streikefrekvensen i USA har gått ned til praktisk talt null, kan forklarast med lågare organiseringsgrad. For i USA er fagorganisasjonane i privat sektor nærmast utrydda. I Tyskland er det derimot framleis ein sterk fagbevegelse og internasjonalt sett ein relativt høg organiseringsgrad. Forklaringa på at Tyskland etter 1995 har hatt like låg streikefrekvens som USA, må vel heller vere at fagorganisasjonane er blitt ideologisk fanga av den nyliberale propagandaen om at lønnsmoderasjon er naudsynt for å oppretthalde sysselsettinga, gjennom styrka konkurranseevne. Det er ingen tvil om at konkurranseevna vart styrka, men fram til 2011 har arbeidsløysa halde seg på eit høgt nivå, på over 6%, trass i lønnsmoderasjonen og fleksibiliseringa av arbeidsmarknaden (tabell 2).

Hellas under troikaens åk

Likeeins som Spania hadde Hellas vedvarande og store underskot i utanriks-handelen også lenge før den reelle innføringa av euro i 2002. Og som i tilfellet med Spania, har handelen med Tyskland representert ein svært stor del av Hellas sitt totale handelsunderskot. Hellas står for berre 2,4% av EUs befolkning og 2% av EUs samla BNP (2009). Likevel representerte Hellas 6,7% av Tysklands samla handelsoverskot med EU, medan Hellas sitt handelsunderskot med Tyskland utgjorde 1/4 av totalt handelsunderskot med EU i 2009.⁵²

Til skilnad frå Spania hadde Hellas i perioden 2000–2008 ein gjennomsnittleg reallønnsvekst på 1,7% pr. år. Men heller ikkje i Hellas steig real-lønningane meir enn arbeidsproduktiviteten i økonomien totalt, som var på 2,0% pr. år. Ein annan skilnad mellom Hellas og Spania er at ein relativt stor del av den greske utanlandsgjelda er offentleg gjeld (tabell 3). Ein viktigare forskjell er at Hellas (til liks med Portugal) har hatt underskot på dei offentlege budsjetta kvart einaste år sidan tidleg på 1990-talet. Både offentleg budsjettunderskot og offentleg gjeld som del av BNP har vore langt over Maastricht-krava (på respektive 3% og 60%) i alle dei siste 20 åra. For å kunne innlemme Hellas (og Portugal) i eurosona, måtte derfor herrane i Brussel mjuke opp desse krava. I 2001, året før planlagt innlemming i eurosona, utgjorde offentleg gjeld i Hellas det doble av Maastricht-kravet, nemleg 119,2%. Men dette kravet vart stilleteiane erstatta med ein ny regel kalla «directionality»: Sjølv om eit lands offentlege gjeld overskreid 60% av BNP, kunne landet bli medlem av eurosona dersom denne prosenten hadde gått jamt ned dei føregåande åra.

Det var for å oppfylle denne nye regelen før innlemminga i eurosona at regjeringa i Hellas i 2001 skaffa seg hjelp frå storbanken Goldman Sachs: Den greske staten selde obligasjonar i dollar og yen tilsvarande 2,8 milliardar euro. Beløpa i dollar og yen vart overførde direkte til Goldman Sachs, som så betalte ut euro til den greske staten. Denne «swapkontrakten» registrerte Eurostat som valutahandel og ikkje som eit lån. Goldman Sachs tok seg godt betalt for å utføre transaksjonen, 600 millionar euro. Endringar i internasjonale obligasjonsprisar og renter gjorde dessutan lånet hadde svolle opp til 5,7 milliardar euro i februar 2012. Fleire kommentatorar peikar på at slike transaksjonar er del av «normal statleg refinansiering», og at dei er heilt legale. Den italienske regjeringa har forresten brukt eit liknande knep for å skjule delar av si gjeld, med hjelp frå ein annan amerikanske bank.⁵³

I alle fall er 5,7 milliardar euro ein dråpe i det enorme havet av gresk statsgjeld. Denne gjelda på over 300 milliardar euro, som delvis stammar heilt tilbake til militærdiktaturet, må forklarast på andre måtar. Det venstreorienterte partiet Syriza har kravd at ein uavhengig kommisjon skal klårgjere årsakene til gjelda. Men både dei rådande greske regjeringspartia Nytt

Demokrati (konservative), PASOK (sosialdemokratane) og EU-kommisjonen saman med ECB har stilt seg imot ei slik gransking. Dei held fast på at Hellas skal gjere opp for seg utan omsyn til årsakene til statens gjeldsopphoping og kven som er ansvarleg. At deler av gjelda kan vere illegal, vil dei ikkje høyre snakk om.⁵⁴ Slik blir befolkninga gjort ansvarleg for makthavarane sine eksessar.

Også det som skjer i Hellas, er ein økonomisk og sosial krig mot arbeidarklassen. Ikkje i noko anna land i eurosona har åttaket på velferdsstaten og arbeidarbefolkninga vore så omfattande som i Hellas. Fordi det er ein liten økonomi, eignar Hellas seg sannsynlegvis spesielt godt som laboratorium for den nyliberale kriseoffensiven i si mest ekstreme form. Så la oss sjå litt nærare på korleis troikaen, med god hjelp av dei lokale makthavarane, har vanskjøtta dette landet.

I mai 2010 organiserte EU og IMF den første «hjelpapakken» til Hellas i form av eit lån på 110 milliardar euro til 3% rente og løpetid på 7,5 år. I oktober 2011 gav troikaen ein ny kreditt som gjorde at det samla lånet kom opp i 173 milliardar euro. Det har lenger løpetid (15 år). Sidan mars 2011 har dessutan Hellas fått lågare lånerente (1,5%). I kjend IMF-stil blir låna delte ut i porsjonar (*tranches*) på fastsette tidspunkt. Vilåret for utdeling av nye porsjonar er at Hellas har oppfylt bestemte vilkår og aksepterer eventuelle tilleggskrav i låneavtalen. Dette er ein kopi av IMF's velbrukte *kondisjonalitet*. Den greske staten er i realiteten sett under administrasjon av troikaen.

Sjølv om dei private kreditorane våren 2012 ettergav 53,5% av fordringane sine, var statsgjelda ved utgangen av oktober 2012 like høg som i mai 2010, nemleg 304 milliardar euro. Gjennom «redningspakkane» er gjelda blitt flytta frå private til «offisielle» kreditorar som no sit med 64% av den samla gjelda: EU (ved EFSF, 24,3%), individuelle EU-statar (17,4%), ECB (14,8%) og IMF (7,2%).⁵⁵

Som vilkår for låna har troikaen blant anna tvinga gjennom desse tiltaka: Reduksjon av offentlege utgifter slik at dei i 2012 er ca. 25 milliardar euro lågare enn i 2007. Desse innstrammingane har vore jamt fordelte på alle postar i statsbudsjettet, unntatt militærutgiftene. Under forhandlingane i oktober 2012 om utbetaling av ein porsjon av lånet frå oktober 2011, måtte parlamentet vedta nye innstrammingar på 13,5 milliardar euro fram til 2015. Dei skal i hovudsak skje gjennom kutt i lønningar og pensjonar.⁵⁶

Arbeidsmiljølova er i realiteten blitt oppheva, og fagbevegelsen er sett ut av spel ved at inngåtte kollektive tariffavtalar er annullerte. Gjennom desse tiltaka blir arbeidsmarknaden «fleksibilisert» ved svekking av oppseiingsvernet, meir bruk av korttidskontraktar og individuelle lønns- og arbeidsavtalar. Gjennom statleg dekret er minstelønna i privat sektor redusert med 22%, til 580 euro (vel 4000 kroner) pr. måned, og den skal ikkje bli justert for konsumprisveksten. Berre i 2011 fall lønningane i gjennomsnitt med 14%, i nokre bransjar med rundt 30%.⁵⁷ Ved utgangen av 2012 er gjennom-

snittslønna i Hellas rundt 950 euro (ca. 7000 kroner) pr. måned.⁵⁸ Frå og med november 2012 er perioden for arbeidsløysetrygd redusert frå 24 til 12 månader. Trass i at Hellas faktisk har den lengste gjennomsnittlege årsarbeidstida blant landa i eurosona (2032 timar i 2011 mot til dømes Tysklands 1476 timar), har troikaen kravd at arbeidstida blir forlenga.⁵⁹ Pensjonane og ei rekkje trygdeytingar blir reduserte med minst 10%. Talet på offentleg tilsette, som i 2008 utgjorde under 9% av total sysselsetting, skal bli redusert med 150.000 eller 19% mellom 2009 og 2013.⁶⁰

Det blir gjennomført omfattande privatiseringar av offentleg eigedom og fellesgode (ifølgje *The Guardian*, 22.04.2011, «eit av dei mest ambisiøse privatiseringsprogram nokon gong»): Sal av store landområde (ca. 100 øyer), hamner, vegar, jernbanar, flyplassar, offentlege tenesteselskap (posten og Postbanken, tele, energi, vassforsyning/avløp), for 50 milliardar euro (tilsvarande 22% av BNP i 2010) i perioden 2011-2014. I åra deretter krev troikaen privatiseringar for opptil 150 milliardar euro. Svært mange selskap som blir privatiserte, har skaffa den greske staten store (dividende-)inntekter. På privatiseringslista står blant anna det lukrative statlege Lotteriselskapet og Hellenic Petroleum som hadde eit netto driftsoverskot på 150 millionar euro i 2010. Som i Spania er privatiseringane eit direkte ran av fellesskapet sine eigedomar. Hittil er det utanlandske selskap, serleg tyske og franske, som har stått for størstedelen av oppkjøpa.⁶¹

Resultata av troikaen sin politikk overfor Hellas er katastrofale. Industriproduksjonen i 2011 var 19% lågare enn i 2005, og BNP i 2012 blir 20% lågare enn i 2007.⁶² Frå juli 2010 til oktober 2011 vart over 200.000 arbeidsplassar lagde ned.⁶³ Arbeidsløysa er meir enn tredobla frå 7,7% i 2008 til 25% i oktober 2012 (tabell 2). Ungdomsarbeidsløysa har auka frå 33% i 2010 til 54% i oktober 2012 (tabell 6). Hellas har ikkje hatt nokon betydeleg bustadsboom slik som Spania og Irland. Men aukande arbeidsløysa og fattigdom gjer at stadig fleire familiar blir kasta ut av husa sine fordi dei ikkje greier å betale leiga. Frå 2007 til utgangen av 2011 auka talet på personar utan husly i Aten med nær 25%, til rundt 20.000.⁶⁴ Tradisjonelt har Hellas hatt ein av dei lågaste sjølvordsratane i Europa. Slik er det ikkje lenger. Det greske statistikkbyrået Elstat har dokumentert ein 19% auke i fullbyrda sjølvord i Hellas i perioden 2007-2009. I Aten vart det berre i juni 2012 registrert 350 sjølvordforsøk og 50 fullbyrda sjølvord. Det er påfallande at dei fleste er personar frå middelklassen.⁶⁵

Frå 2009 til 2011 vart sjukehusbudsjetta kutta med 40%. I mai 2011 rapporterte internasjonal presse at dei offentlege helseføretaka i Hellas ikkje greidde å betale rekningane for medisinar. I januar 2012 var det mangel på 500 vanleg brukte medisinar, som medikament mot høgt blodtrykk, kreft, HIV, nyresjukdom, Parkinsons sjukdom og epilepsi. Til og med aspirin mangla det. Før den økonomiske krisa vart «gateklinikkane», som blir drivne av private organisasjonar, oppsøkte berre av 3-4% av den greske

befolkninga. I 2011 estimerte desse organisasjonane at dei gav hjelp og behandling til rundt 30% av befolkninga. Det medisinske tidsskriftet *The Lancet* seier klårt ifrå: «For å sikre at den greske krisa ikkje undergrev den grunnleggande kjelda til landet sin rikdom – befolkninga – trengst det større merksemd om helse og helsetenester.»⁶⁶

Den greske overklassen har knapt merka at Hellas er inne i ei alvorleg økonomisk og sosial krise. Dei har sikra sine interesser gjennom godt samarbeid både med regjeringa (der deira parti, Nytt demokrati, har den reelle makta) og med troikaen. Storkapitalistar av alle slag og personar frå den politiske eliten har kontoar i filialen til HSBC Holdings i Geneve. Granskingsrapportar anslår at den greske overklassen har gøymt unna rundt 170 milliardar euro på bankkontoar i Sveits. Private greske finansformuar er berekna til totalt 576 milliardar euro, nesten det doble av den totale greske statsgjelda. Den greske handelsflåten står for 20% av all transport til havs. Men skipsreiarane har uavgrensa skattefridom. Dei siste tiåra har inntektsfordelinga gått stadig meir i dei rike sin favør. Ifølgje ein rapport frå Elstat har dei 20% rikaste seks gongar høgare inntekt enn dei 20% av inntekstakarane nedst på stigen.⁶⁷

Utsikter

Eksempla Hellas og Spania demonstrerer den grelle kontrasten mellom dei politiske makthavarane sin feigskap og sjenerøsitet overfor finanskapitalen og deira brutalitet overfor eiga befolkning. Hovudformålet med troikaens og statane sin deflasjonspolitik er å slå ring om finanssektoren og drive fram ytterlegare omfordeling av inntekt frå arbeid til kapital. Lønnskutta, kutta i pensjonane, strypinga av velferdsutgifter, reduksjonen av offentleg sysselsetting og privatisering av offentleg eigedom og fellesgode er komponentar i ein depresjonsskapande nyliberal politikk som vil forverre krisa ved at den fører til lågare etterspørsel, lågare realinvesteringar, fallande produksjon, auka arbeidsløyse, lågare skatteinntekter, meir fattigdom og veksande desperasjon i befolkninga. Faktisk svekkjer denne politikken statane si evne til å betene gjelda. Så lenge den hypertrofiske finanssektoren blir skjerma og det ikkje skjer ei omfattande nedskriving av finansielle aktiva med sletting av gjeld, vil krisa vare ved.

Det grunnleggande politiske problemet ved den spesielle krisa i eurosona er at overskotslanda, spesielt Tyskland, ikkje er villige til å bidra til balanse ved å dele tilpassingsbyrdene med underskotslanda. Det finst heller ikkje noka institusjonell ordning som kunne sikre ei slik byrdedeling. Tvert imot: Både Maastricht-kriteria, regelverket for ECB og den nye fiskaltraktaten skjermar overskotslanda sine interesser. Med støtte i dette regelverket kan Tyskland halde fram med sin eksportoffensiv og unngå å føre ein politikk som resulterer i høgare innanlandsk lønnsnivå og dermed høgare innanlandsk

effektiv etterspørsel, som ville bety auka import og lågare eksport i forhold til resten av eurosona. I staden blir dei andre landa i eurosona, spesielt PIIGS-landa, tvinga til destruktive «interne devalueringar» som fører til fallande inntekter og auka arbeidsløyse, og som til slutt også vil ha som resultat at Tysklands eksport til desse landa blir drastisk redusert. Ein svakare euro som følgje av krisa har styrka Tysklands eksport til land utanfor eurosona. Hittil har denne eksportveksten motverka eksporttapet på grunn av fallande etterspørsel i eurosona. Men dersom den noverande politikken hald fram, er det berre eit tidsspørsmål når også Tyskland blir dradd med i eurosonas økonomiske depresjon.⁶⁸ Verken ECBs nølande oppkjøp av statsobligasjonar på sekundærmarknaden, Europeisk Stabiliseringsmekanisme (ESM), fiskaltraktat, bankunion eller andre tekniske og antidemokratiske knep kan løyse dette problemet.

Eit første steg på ein muleg veg ut av krisa ville vere ei omfattande ettergiving av gjeld som sannsynlegvis ville føre til ein serie av bankkonkursar, og dermed ei kraftig «slanking» av finanssektoren. For å hindre total kreditørke måtte statane overta «systemrelevante» bankar og tilføre dei ny kapital. Bankane er ein viktig del av den økonomiske infrastrukturen. Deira relevante funksjon er å utføre ei samfunnssteneste på linje med transportsystem og vassforsyning. Derfor bør dei «systemrelevante» bankane vere i statseige og totalt skilde frå investeringsbankar som er profittmaskinar baserte på finansiell spekulasjon.

Det neste steget måtte vere at overskotslanda, spesielt Tyskland aksepterer å føre ein ekspansiv finanspolitikk som resulterer i høgare innanlandsk etterspørsel, høgare sysselsetting, betydeleg lønnsvekst og ein inflasjon godt over prisveksten i PIIGS-landa. Gjennom ein slik politikk ville Tysklands handelsoverskot vil bli kraftig redusert eller forsvinne, profittane i finanssektoren ville falle og realinvesteringar ville bli meir attraktive enn finansiell spekulasjon. Men ein slik politikk ville vere strid med dei politiske og økonomiske elitane sine grunnleggande interesser.

Ei hindring er «den farlege vennskapen» (Anton Costas) mellom dei politiske elitane og finanselitane. Ei anna hindring er at tyske styresmakter insisterer på at økonomien skal gå med handelsoverskot, medan både politikarane og den tyske befolkninga har ein inngrodd angst for inflasjon. Desse hindringane kan føre til at eurosona går i oppløysing.

I staden for å gripe tak i desse problema har dei politiske maktthavarane valt å gå til åtak på si eiga befolkning. I PIIGS-landa går det verst ut over ungdommen. Fleirtalet av dei hundretusenvis arbeidslause ungdomane har berre grunnskule, og dei har aldri hatt ein jobb. Utdanningsbudsjetta i PIIGS-statane blir skorne ned til beinet med det resultat at ungdomane er sosialt ekskluderte, sperra ute frå arbeid og utdanning, utan framtidshåp.

Tabell 6: Ungdomsarbeidsløyse i utvalde land¹⁾

År	Spania	Portugal	Hellas	Irland	Italia	Frankrike	Storbrit.	USA
2005	19,7	16,1	26,0	9,7	24,0	20,6	12,2	11,3
2007	18,2	16,6	22,9	10,0	20,3	19,1	14,2	10,5
2010	41,6	22,3	32,9	28,7	27,9	22,9	19,3	18,4
2012 ²⁾	52,7	36,4	54,3	29,2	34,3	22,8	22,0	16,5

¹⁾ Årsgjennomsnitt av talet på arbeidslause i alderen 15 til 24 år som prosentdel av totalt tal i denne gruppa som ikkje er under utdanning.

²⁾ Tala er for juni 2012, med unntak for Storbritannia som er for april og Hellas som er for medio oktober.

Kjelder: For 2005–2010: OECD, *Employment and Labour Market Statistics (database)*, juli 2012. Kan lastast ned frå: <http://dx.doi.org/10.1787/unemp-yth-table-2012-1-en>

For 2012: *Eurostat News Release*, 113/2012; og *El País*, 21.10.2012, s. 8.

Det trengst ingen akademisk studie for å spå at samfunn med over 50% ungdomsarbeidsløyse går ei dyster framtid i møte (tabell 6). At dette problemet har vore nærpå eit ikkje-tema på EU-toppmøta, fortel mykje om haldninga til dei politiske elitane. Desse mennene lova europearane gull og grønne skogar då dei innførte euroen. No har dei skapt sosiale katastrofar i fleire euroland. Dei er i ferd med å gjere Europa til ein økonomisk ruin og eit politisk diktatur.

I denne situasjonen valde Den norske nobelkomité å gi fredsprisen til EU. Akkompagnert av media sin monotone skvalder nytta EU-eliten dette høvet til å kringkaste sine flosklar om eit Europa som ikkje finst og ikkje kjem til å finnast. Skal tru kva folka sør i Europa tenkjer om oljestaten her oppe i nord?

NOTER

Takk til Olav Fagerlid, Hans Ebbing og fagreferent for kommentarar til tidlegere utkast av denne artikkelen.

- 1) Jf. artiklane av Skarstein og Nordhaug i *Vardøger*33.
- 2) Capgemini/Merrill Lynch, *World Wealth Report 2010*, s. 5. Kan lastast ned fra: www.capgemini.com/. Jf. også C. Schnibben, «Lob der Gier», *Der Spiegel*, nr. 20, 11.05.2009, s. 99.
- 3) Jf. *Financial Times*, 12.08.2012.
- 4) Intervju i *Der Spiegel*, nr. 44, 29.10.2012, s. 77.
- 5) I 2006 var Luxembourg det einaste landet i Vest-Europa som hadde lågare offentleg gjeld som del av BNP enn Irland.
- 6) «Profite abschöpfen», *Der Spiegel* Nr. 41, 10.10.2011, s. 86. «Risikopåslaga», såkalla «spreads», er rentetillegga over renta på tyske statsobligasjonar.
- 7) Jf. OECD, *Economic Outlook 89*, mai 2011, s. 97.
- 8) Jf. Eurostat, *External and intra-EU trade*, Luxembourg 2011, s. 143.

- 9) *El País* (06.05.2012, s. 28), påpeikar heilt rett at den spanske staten er «den billegaste i Vest-Europa». I 2006 var Irland det einaste landet i Vest-Europa som hadde (marginalt) lågare offentlege utgifter enn Spania som prosentdel av BNP.
- 10) OECD, *Economic Outlook 91*, Statistical Annex, mai 2012.
- 11) Alle data er frå OECD, *Economic Outlook*, ibid.
- 12) Skilnaden i total produktivitetsvekst er delvis ei følge av ulik økonomisk struktur, i Tyskland med tungt innslag av industri, i Spania med tungt innslag av personleg tenesteyting (turisme). Veksten i arbeidsproduktiviteten i spansk industri i perioden 1999–2008 var ca. 0,5% pr. år. Dette forklarar den relativt store differansen mellom veksten i lønnskostnader pr. produsert eining i den spanske økonomien totalt og i industrien (jf. tabell 4).
- 13) Når det gjeld ECBs problem med å setje ei felles nominell styringsrente for eurosona, jf. Tony Johanssons artikkel i dette nummeret av *Vardøger*.
- 14) Ángel Laborda, «El mito de los salarios y la productividad», *El País Negocios*, 17.06.2012, s. 20. Laborda er leiar for konjunkturanalyse i dei spanske sparebankane sitt forskingsinstitutt (Funcas).
- 15) Rekna ut etter data frå Eurostat, *External and intra-EU trade – A statistical yearbook*, EU, Luxembourg, 2011; og *El País*, 06.09.2012, s. 12.
- 16) Jf. Eurostat, *External and intra-EU trade – A statistical yearbook*, ibid.
- 17) Eg skriv «nasjonaliserte» i hermeteikn fordi staten, i pakt med Rajoys aversjon mot statleg eigedom, ikkje har overteke aksjane i bankane, men sett dei under statleg kontroll gjennom eit «administrasjonsselskap» og tilført statleg kapital gjennom eit dertil oppretta «restruktureringsselskap».
- 18) Jf. «Despidos masivos en las nacionalizadas», *El País*, 25.11.2012, s. 26–27; og «La mayor parte del rescate se perderá», *El País Negocios*, 02.12.2012, s. 4–5.
- 19) Jf. nettutgåva til *El País*, 13.07.2012, «Una batería de medidas para recortar 65.000 este año y el que viene»: <http://economia.elpais.com/economia/2012/07/13/actualidad/>; og *El País*, 30.09.2012, s. 26–34.
- 20) «El gran hachazo al bienestar», *El País*, 16.12.2012, s. 38–39. Kan også lastast ned frå nettet: http://sociedad.elpais.com/sociedad/2012/12/15/actualidad/1355594780_216065.html
- 21) «Cuando la salud duele», *El País Extra: Salud*, 28.10.2012, s. 2; «Las listas de espera se agravan», *El País*, 28.10.2012, s. 44; og «El gran hachazo al bienestar», ibid.
- 22) «El gran hachazo al bienestar», ibid.
- 23) 11,6% er utan sysselsetting i marknadsorienterte verksemdar med offentleg aksjemajoritet. Blir slike føretak inkluderte, var sysselsettingsdelen i «offentleg sektor» i 2011 på 15,1%. Jf. *El País*, 08.01.2012, s. 21; og 05.08.2012, s. 23. Påfallande er det at sysselsettingsdelen i offentleg sektor i Tyskland har gått ned frå 19,2% i 1997 til 14% i 2011. Dette stemmer dårleg med at offentlege utgifter i Tyskland som del av BNP var på heile 45,7% i 2011, mot 44,6% i Norge og 43,6% i Spania. Ei muleg forklaring er at offentleg sysselsetting under delstatane ikkje er rekna med, eller at ein svært stor del av offentlege utgifter i Tyskland representerer overføringar. Jf. OECD, *Economic Outlook no. 91*, mai 2012, s. 257. Kjelde for offentleg sysselsetting i Tyskland: Statistisches Bundesamt, *Statistisches Jahrbuch 2012*, Wiesbaden 2012, s. 348 og 357. Jf.

også Messaud Hammouya, *Statistics on Public Sector Employment: Methodology, Structures and Trends*, ILO, Geneve, 1999, s. 12, forutan Karl Schrader og Claus-Friedrich Laaser, *Die Krise in Süd-Europa und die Angst vor dem Dominoeffekt*, Diskussionsbeiträge Nr. 500/501, Institut für Weltwirtschaft Kiel, januar 2012, s. 33.

- 24) Jf. Angus Maddison, «Origins and Impact of the Welfare State, 1883–1983», *Banca Nazionale del Lavoro Quaraterly Review*, no. 148, mars 1984, s. 55–87; og M. Hammouya, *Statistics on public sector employment: Methodology, structures and trends*, ibid.
- 25) Jf. *El País*, 05.08.2012, s. 23; og 23.09.2012, s. 20. For 2012 utgjør rentebetalningane på gjeld 9,3% av totale offentlege utgifter. Totale rentebetalningar i perioden 2008–2012 var på 113 milliardar euro som tilsvarer 11% av Spanias BNP i 2010. Jf. CADTM, *Las Cifras de la Deuda 2012*: www.cadtm.org/.
- 26) Jf. *El País*, 12.04.2012, s. 20.
- 27) OECD, *Economic Outlook 92*, november 2012 («Preliminary version»), s. 216.
- 28) Jf. J.S. González og M.V. Gómez, «Unas cuentas para enmendar», *El País Negocios*, 07.10.2012, s. 4–5; og J.I. Conde-Ruiz og J. RubioRamírez, «A vueltas con los presupuestos», *El País Negocios*, 28.10.2012, s. 19.
- 29) Jf. *El País*, 08.01.2012, s. 21; og *Der Spiegel*, nr. 35, 20.06.2011, s. 40.
- 30) Jf. OECD, *Economic Outlook 91*, mai 2012, s. 237; og 92, november 2012 («Preliminary version»), s. 171 og 201.
- 31) Frå januar 2011 til april 2012 gjekk utlåna til bedriftene ned med nesten 8%. *Der Spiegel*, nr. 17, 23.04.2012, s. 81.
- 32) Jf. *El País*, 08.01.2012, s. 21; og «Economía de guerra», *El País Negocios*, 28.10.2012, s. 4.
- 33) Jf. *El País Negocios*, 28.10.2012, s. 4–6.
- 34) Ibid.; og *El País*, 06.02.2011, s. 26.
- 35) Betydeleg meir enn 4% lågare fordi dette talet er basert på ein reallønnsnedgang på 2,26% for dei 4,8 millionar arbeidarane (26,5% av alle sysselsette) som fekk ny tariffavtale i 2012. Resten av dei sysselsette har lønnsfrys i 2012 med same pengelønn som i 2011. Jf. *El País Negocios*, 25.11.2012, s. 4–6.
- 36) «El número de hogares con todos sus miembros en paro marca un nuevo récord», nettutgåva av *El País*, 27.07.2012: <http://economia.elpais.com/economia/2012/07/27/actualidad/>.
- 37) Jf. *El País Extra: Formación y Empleo*, 27.05.2012, s. 10.
- 38) «Economía de guerra», *El País Negocios*, 28.10.2012, s. 6.
- 39) Jf. «At risk of poverty or social exclusion in the EU27», *Eurostat Newsrelease*, 171/2012, 03.12.2012.
- 40) *El País*, 12.02.2012, s. 21.
- 41) *El País Negocios*, 28.10.2012, s. 6.
- 42) «Perdimos la casa por 6000 euros», *El País*, 28.10.2012, s. 26–27; «Petición casi unánime para que se cambie la ley contra los desahucios», *El País*, 11.11.2012, s. 17–18; «Batalla contra los abusos de una ley», *El País Domingo*, 18.11.2012, s. 2–4; intervju med José María Fernández Seijo, *El País Semanal*, 02.12.2012, s. 26–32; og «Schlinge um den Hals», *Der Spiegel* nr. 52, 22.12.2012, s. 90–92.
- 43) C. Blanchar og J. Schulz-Dornburg, «Cicatrices de ladrillo», *El País Semanal*, 07.10.2012, s. 48–57; «Brotos verdes por la costa», *El País Domingo*,

- 11.11.2012, s. 8–9; og «Se busca ruso que pague contado», *El País*, 25.11.2012, s. 21.
- 44) I 2001, som var eit år med «konjunkturtopp», var 3,85 millionar (10,4%) arbeidslause i Tyskland, 2,32 millionar (8,0%) i Vest-Tyskland og 1,53 millionar (18,8%) i Aust-Tyskland. Data frå Statistisches Bundesamt: <https://www.destatis.de>.
- 45) Jf. *Der Spiegel*, nr. 32, 06.08.2012, s. 79.
- 46) Op.cit., s. 78–79.
- 47) Det faste beløpet vart opphavleg sett til 345 euro (ca. 2750 kroner) pr. måned i vest og 331 euro (ca. 2650 kroner) i delstatane i aust. Blant kriteria i behovsprøvinga er blant anna at den arbeidslause ikkje har krav på trygd dersom hans/hennar ektefelle/sambuar har inntektsnivande arbeid. Jf. Elmar Altvater, «Hartz versus Marx», i: Günther Chaloupek m.fl., red., *Sisyphos als Optimist*, VSA-Verlag, Hamburg 2005, s. 376–391; og «Agenda del Sol», *Der Spiegel* Nr. 16, 16.04.2012, s. 84–88. Reformene har namn etter formannen for regjeringskommisjonen som laga forslaga, personalsjefen i Volkswagenkonsernet Peter Hartz. Han måtte gå av i juli 2005 etter å ha vore innblanda i ei korrupsjonsaffære i konsernet si avdeling i Tsjekkia.
- 48) *Der Spiegel* nr. 10, 05.03.2012, s. 68.
- 49) *Süddeutsche Zeitung*, 14.03.2012, s. 1 og s. 4.
- 50) Jf. *Der Spiegel* nr. 15, 07.04.2012, s. 19–20; Nr. 17, 23.04.2012, s. 78; og *Süddeutsche Zeitung*, 23.03.2012, s. 17 og 19.
- 51) Wolfgang Streeck, «The crisis of democratic capitalism», *New Left Review* nr. 71, sept./okt. 2011, s. 13.
- 52) Jf. Eurostat, *External and intra-EU trade – A statistical yearbook*, ibid.
- 53) Jf. Bloomberg, «Goldman Secret Greece Loan Shows two Sinners as Client Unravels»: [http://www.bloomberg.com/news/print/2012-03-06/goldman-secret-greece-loan-show ...](http://www.bloomberg.com/news/print/2012-03-06/goldman-secret-greece-loan-show-...); «Wall Street helped to mask debt fueling Europe's crisis», *The New York Times*, 14.02.2010; *Spiegel Online*, 02.08.2010: [http://www.spiegel.de/international/europe/greek-debt-crisis-how-goldman-sachs-help ...](http://www.spiegel.de/international/europe/greek-debt-crisis-how-goldman-sachs-help-...); forutan Nick Dunbars film, «How Goldman Sachs helped mask Greece's debt», vist på *BBC News Europe*, 20.02.2012: <http://www.bbc.co.uk/news/world-europe-17108367>.
- 54) Jf. George Katrougalos, «The Greek Debt under the Light of Constitutional and International Law», Committee for the Abolition of Third World Debt, 19.11.2012: <http://cadtm.org/The-Greek-Debt-under-the-light-of>.
- 55) Jf. *Der Spiegel* Nr. 48, 26.11.2012, s. 80.
- 56) *Der Spiegel* Nr. 46, 12.11.2012, s. 106.
- 57) *El País*, 21.10.2012, s. 8; og *Der Spiegel* Nr. 51, 17.12.2011, s. 97.
- 58) *Der Spiegel* Nr. 51, 17.12.2011, s. 97; Nr. 7, 13.02.2012, s. 22; og Nr. 46, 12.11.2012, s. 106; dessutan *The Economist*, 18.02.2012, s. 21; og *El País*, 21.10.2012, s. 8.
- 59) I mai 2011 uttalte Angela Merkel: «Vi kan ikkje ha ein valuta, og den eine får veldig mykje ferie og den andre ganske lite.» Men faktum er at Hellas, Portugal og Spania har det lågaste talet på betalte feriedagar pr. år blant landa i eurosona. Jf. *Der Spiegel*, Nr. 22, 23.05.2011, s. 18; og OECD, *Employment and Labour Market Statistics* (database), juli 2012: <http://dx.doi.org/10.1787/annual-work-table-2012-1-en>

- 60) Jf. *Der Spiegel* Nr. 7, 13.02.2012, s. 22; og Nr. 20, 01.10.2012, s. 101. Det blir stadig hevda at det er ei veldig oversysselsetting i offentleg sektor i Hellas. Faktisk er under 9% av samla sysselsetting svært lågt, mot til dømes rundt 33% i Norge. Derimot hadde Hellas (før privatiseringsoffensiven) ei rekkje føretak med statleg aksjemajoritet. Dersom desse blir rekna med, var sysselsettingsdelen i «offentleg sektor» over 20% i 2008. Jf. Karl Schrader og Claus-Friedrich Laaser, *Die Krise in Süd-Europa und die Angst vor dem Dominoeffekt*, Diskussionsbeiträge Nr. 500/501, Institut für Weltwirtschaft Kiel, januar 2012, s. 33.
- 61) Det er vel også grunnen til at privatiseringane går ganske tregt. For 2011 hadde regjeringa planlagt privatiseringar for 5 milliardar euro. Det faktiske resultatet vart 1,8 milliardar. (Jf. *Der Spiegel* Nr. 15, 07.04.2012, s. 94; og Nr. 51, 17.12.2011, s. 96.)
- 62) *Der Spiegel* Nr. 25, 20.06.11, s. 40; og OECD, *Economic Outlook*, nr. 92, november 2012 («Preliminary version»), s. 200.
- 63) «Wieder am Abgrund», *Der Spiegel* Nr.23, 06.06.2011, s. 63.
- 64) *El País*, 19.02.2012, s. 26.
- 65) «Suicidality and the economic crisis in Greece», *The Lancet*, nr. 9839, 28.07.2012, s. 337; «Der letzte Vorhang», *Der Spiegel* Nr. 33, 13.08.2012, s. 78–79.
- 66) «Health effects of financial crisis: omens of a Greek tragedy», *The Lancet* nr. 9801, 22.10.2011, s. 1457–1458; «Greece's financial crisis dries up drug supply», *The Lancet* nr. 9813, 28.01.2012, s. 302.
- 67) Jf. «Rosenkränze von Chanel», *Der Spiegel* Nr. 46, 12.11.2012, s. 106–108.
- 68) Frå oktober 2011 til oktober 2012 fall industriproduksjonen i Tyskland med 3,8%. Jf. «Industrial production down by 1.4% in euro area», *Eurostat News Release*, 178/2012, desember 2012.